



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 16.12.2014

Vår ref.: 201300153-13, 200904221-19, 201201770-12,  
201200267-14, 201107613-17, 200906448-12

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kirsten Marthinsen

22959234/kima@nve.no

## **Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje 6 kraftverk i Vaksdal og Voss kommunar i Hordaland – høyring**

NVE har motteke søknadar frå fleire søkarar om løyve til å byggje 6 småkraftverk i Vaksdal og Voss kommunar. Søknadene skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

### **Vaksdal kommune**

#### **Oddmundsdalen kraftverk – NGK Utbygging AS**

Kraftverket vil nytte eit fall på 250 meter i Oddmundsdalselva, frå inntaket på 755 moh til kraftstasjonen på 505 moh. I tillegg skal Skarvaelva overførast frå et inntak på 775 moh. Vassvegen vil bli 2250 meter lang og nedgrave i grøft. Overføringa av Skarvaelva vil skje med ein 635 meter lang tunnel. Det skal byggjast permanent traktorveg (klasse 7) til inntaket. Middelvassføringa er 1080 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2100 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,3 MW, og vil etter planane produsere 13,25 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 142 l/s i sommarsesongen (1/5-30/9) og 30 l/s resten av året. Det er på nivå med dei utrekna 5-persentilverdiane.

#### **Skarvagrovi kraftverk – NGK Utbygging AS**

Kraftverket vil nytte eit fall på 96 meter i Skarvagrovi, frå inntaket på 620 moh til kraftstasjonen på 524 moh. Vassvegen vil bli 715 meter og nedgrave i grøft. Det trengs 780 meter ny permanent veg til kraftstasjonen. Anleggsvegen langs vassvegen skal gro igjen etter bruk. Middelvassføringa er 920 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1800 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,4 MW, og vil etter planane produsere 4,9 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 100 l/s i sommarsesongen og 26 l/s resten av året. Til jamføring er dei utrekna 5-persentilverdiane høvesvis 126 l/s og 30 l/s.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

**Moko kraftverk – NGK Utbygging AS***(anadnmt)*

Kraftverket vil nytte eit fall på 233 meter i elva Moko, frå inntaket på 250 moh til kraftstasjonen på 17 moh. Vassvegen vil bli om lag 775 meter totalt, 630 meter vil vere tunnel og resten vil vere nedgrave i grøft. Det vil ikkje bli bygd veg til inntaket. Middelvassføringa er 590 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1500 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,9 MW, og vil etter planane produsere 7,2 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 28 l/s i sommarsesongen og 18 l/s resten av året. Det er på nivå med dei utrekna 5-persentilverdiane.

**Markåni kraftverk – KraftKarane AS***(visualisering)*

Kraftverket vil nytte eit fall på 320 meter i Straumsmarkåni, frå inntak på 325 moh til kraftstasjonen på 5 moh. I tillegg skal Dalseidmarkåni og Botnaelva overførast til inntaket i Straumsmarkåni. Vassvegen vil bli 1300 meter og nedgrave i grøft. Overføringa av Dalseidmarkåni og Botnaelva vil skje med til saman 1440 meter rør nedgrave i grøft. Søkjar ynskjer å anleggje permanent veg langs rørgatene. Middelvassføringa er 778 l/s (til saman for dei tre elvane) og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1400 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,0 MW, og vil etter planane produsere 9,6 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 22 l/s (fordelt på dei tre inntaka) heile året. Til jamføring er dei samla 5-persentilverdiane utrekna til høvesvis 30 l/s i sommarsesongen og 20 l/s resten av året.

*Kårte 15***Sædalen kraftverk – Sædalen Kraft AS**

Kraftverket vil nytte eit fall på 160 meter i Sædalselva, frå inntaket på 262 moh til kraftstasjonen på 102 moh. Vassvegen vil bli 1100 meter nedgrave i grøft. Det må byggast 100 meter ny permanent veg til kraftstasjonen og 250 meter ny permanent veg til inntaket. Middelvassføringa er 1272 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3250 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,4 MW, og vil etter planane produsere 10,2 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 23 l/s hele året. Det er på nivå med dei utrekna 5-persentilverdiane.

**Voss kommune****Møyåni kraftverk – Nordkraft Vind- og Småkraft AS**

Kraftverket vil nytte eit fall på 182 meter i Møyåni, frå inntaket på 771 moh til kraftstasjonen på 589 moh. Vassvegen vil bli 1750 meter og nedgrave i grøft. Det må byggast 20 meter ny permanent veg til kraftstasjonen. Anleggsvegen langs vassvegen skal gro att etter bruk. Middelvassføringa er 1700 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3300 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW, og vil etter planane produsere 17,0 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 32 l/s i sommarsesongen og 7 l/s resten av året. Det er på nivå med dei utrekna 5-persentilverdiane.

For alle anlegga unntatt Møyåni er det òg søkt om anleggskonsesjon etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber kommunane leggje to eksemplar av søknadane ut til offentleg ettersyn på Kundetorget i Vaksdal og Servicetorget i Voss fram til **23.3.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.



NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonsaker](http://www.nve.no/konsesjonsaker) så snart som mogeleg og seinast innan **23.3.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Kirsten Marthinsen  
rådgivar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: Kunngjering  
Orientering til høyringsparter  
Kart  
Søknadar (til kommunane)

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag  
BKK Nett AS  
Direktoratet for Mineralforv. med Bergmesteren for Svalbard  
Forum for natur og friluftsliv Hordaland  
Friluftsrådenes Landsforbund v/Bergen og Omland Friluftsråd  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Hordaland v/Anniken Friis  
Hordaland fylkeskommune  
Naturvernforbundet i Hordaland  
NGK Utbygging AS  
NJFF – Hordaland  
Nordkraft AS v/Torbjørn Sneve  
Nordkraft Vind og Småkraft AS  
Norges Miljøvernforbund  
Norsk Grønnkraft AS v/Jon Olav Volden  
Rådgivende ingeniør Einar Sofienlund  
Statens Vegvesen Region Vest  
Statnett SF  
Sødalen Kraft AS  
Vaksdal kommune  
Vaksdal kommune v/Sveinung Klyve  
Voss kommune

*hfk@hfl.no*

*16. des. - sentralt postmottak*



Voss kommune v/Gunnar Bergo  
Voss Utferdslag